

Mette Kyed Thorson

Fra: Ture Andersen <ture.andersen2@bkkfiber.no>
Sendt: onsdag 20. juli 2016 13.13
Til: Mette Kyed Thorson; postmottak@meland.kommune.no
Emne: Re: SV: Nabomerknad - bygging av ein ebustad på gnr. 10, bnr. 42 i Meland

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Fullført

Underskrivne syner til svar på min nabomerknad, og vil her koma med utfyllande opplysningar :

1. Eg konstanterer at utsepp frå denne omsøkte einebustaden er endra; slik at kloakkleidningen no skal gå ut frå ein eksisterande leidning der tre hytte-eigedomar allereie er tilknytta - og som endar ut i Risurvika. Denne vika har hummarbestand ; herunder ynglingsplass; som det er svært få av i Herdlefjorden.
2. Så langt eg veit, finst det slett ikkje noko vei-lag som tek seg av vedlikehald / utbetring av vegen som går over mitt hovudbruk. Vegen skulle vore grusa for mange år sidan, men brukarane av denne vart ikkje samde om fordeling av utgiftene - slik at ingen ting har vorte gjort.
3. Denne hytta vart oppført av kunstnaren Ingvald Stien som var frå Stien på Askøy. Han var utdanna murar og oppførte delar av denne hytta i mur - i elegant handverk. Han var også med som murar; då Bergen Jernbanestasjon vart bygd. I tillegg var denne kunstnaren også ein dugande bilete-malar. Eg har fått maleri av han som er i mi eige.
4. Sidan denne hytta ligg i kulturvernområde, vil eg be om at denne søknaden om riving av denne kulturhistoriske hytta og oppføring av einebustad, vert lagt fram for kulturetaten i fylkeskommunen - slik reguleringsplanen krev - herunder mine merknader i saka.

Med helsing

Ture Andersen
Tirsdag 19. Juli 2016 13:12 CEST skrev "Mette Kyed Thorson" <mktho@online.no>:

Til Ture Andersen

Vedlagt er svar på mottatt nabomerknad.
Beklager de feil som var i nabovarselet!

Vennlig hilsen
Mette Kyed Thorson
Sivilarkitekt MNAL

Adr.: Arkitekt Mette Kyed Thorson, Kvalen 16, N-5955 Lindås, mob. +47 901 48 834

Fra: Mette Kyed Thorson [mailto:mktho@online.no]
Sendt: lørdag 25. juni 2016 13.26
Til: 'Ture Andersen' <ture.andersen2@bkkfiber.no>
Kopi: 'Eirin Moldøy' <eirin-90@hotmail.com>; 'Eirin Moldøy' <eirin.moldoy@outlook.com>; 'Trond Vegar Skjold' <troskjol@hotmail.com>; 'Trond vegar Skjold' <troskjol@gmail.com>
Emne: SV: Nabomerknad - bygging av einebustad på gnr. 10, bnr. 42 i Meland

Til Ture Andersen

Takk for mottatt merknad.

Tiltakshaver og undertegnede er klar over utfordringene som du fremhever og skal gjennomgå de punkt for punkt.

Som ansvarlig søker skal jeg svare deg skriftlig på denne/alle merknader og vedlegge kopi av merknadene og mine svar i søknaden til Lindås kommune.

Ta gjerne kontakt på 901 48 834 ved ytterligere spørsmål.

Vennlig hilsen

Mette Kyed Thorson

Sivilarkitekt MNAL

Adr.: Arkitekt Mette Kyed Thorson, Kvalen 16, N-5955 Lindås, mob. +47 901 48 834

Fra: Ture Andersen [<mailto:ture.andersen2@bkkfiber.no>]

Sendt: lørdag 25. juni 2016 13.01

Til: mktho@online.no; postmottak@meland.kommune.no

Emne: Nabomerknad - bygging av einebustad på gnr. 10, bnr. 42 i Meland

NABOMERKNAD - BYGGING AV EINEBUSTAD PÅ GNR. 10, BNR. 42 HOLME I MELAND

Underskrivne er eigar av hovudbruk, gnr. 10, bnr. 6 i Meland - der denne hytte-eigedomen i si tid vart utskild frå. Såleis grensar mitt bruk til denne eigedomen på to sider : Mot nord og aust.

For få år sidan oppdaga eg at denne hytta hadde fått omlag dobbel grunnflate - utan at eg hadde fått noko nabovarsel. Dette tok eg opp med Meland kommune ; som skriftleg stadfesta at eg IKKJE hadde fått nabovarsel i samband med denne hytte-utvidinga - noko eg hadde krav på.

Då denne hytta vart lagt ut for sal, møtte eg opp på vising, og oppdaga montert vassklosett der. Så langt eg har observert, går det ingen kloakk-leidning til sjø frå denne hytta.

Den førre eigar fekk transportert vekk store massar med jord / stein frå denne eigedomen - og då eg tok dette opp med bilde-dokumentasjon ovanfor Meland kommune, vart det vedteke at eigedomen skulle tilbakeføra desse svære massane - men ingen ting har vorte gjort med dette fram til no. Store delar av Holme er regulert til kulturminnevern - område (1994) ; inklusive denne hytteeigedomen.

Med dette som bakgrunn, vil eg koma med følgjande merknad til bygging av einebustad på denne parsellen :

1. Eg finn ingen ting i søknaden som omhandlar tilbaketransport av dei enorme jord / steinmassane som vart fjerna for få år sidan, og som er vedteke tilbakeført. Ein traktor med stor tilhengar køyrde massar frå bruk 42 i om lag 14 dagar.

2. Etter min kunnskap, så er det berre tinglyst rett til gangsti over mitt hovudbruk og fram til denne hytta.

3. Over våre bruk (br.nr. 6 og 79) går det i dag 5 (fem) ulike vassleidningar i 5 ulike grøfter - og 4 av desse går over plenen vår. Difor vil eg IKKJE ha meir graving her i samband med vassforsyning til eigedomane.

4. Så langt eg skjønar, så skal bruk 42 tilknyttast felles utløpsleidning for avløp med bruk 41. Då spør eg : Har bruk 41 fått utsleppsløyve frå styresmaktene ? Kor går denne utløpsleidningen til sjø ?

Underskrivne har diverre ikkje vore i stand til å observera nokon leidning, nedover den stupbratte fjellsida frå bruk 41 ; som går i sjø. Men denne eigedomen ,som har vore heilårsbustad i mange år, har vore tilkopla kommunal vassforsyning i alle desse åra.

5. Vegen som går fram til denne hytta, er ein gamal kjerre- / traktorveg som vart nytta i samband med drift av småbruket mitt. Denne vegen vart utbetra noko for mange år sidan - men ligg

framleis på mitt hovudbruk. Ingen kan utføra arbeid på denne vegen (utviding) utan at slikt er godkjend av meg.

Til slutt vil eg nemna at underskrivne har gjeve eigarane av bruknr. 42 lov til å gå nærare enn 4 meter (2,8 meter) frå felles grense mot nord i samband med oppføring av denne omsøkte einebustaden.

Holmeknappen den 25.06.16

Med helsing

Ture Andersen